

## KOMPLIKASJONER:

Skader på spiserøyr, magesekk og tolvfingertarmen av sjølv instrumentet skjer nesten aldri. Faren for komplikasjonar er størst dersom det vert utført terapeutiske inngrep som til dømes når ein stoppar blødningar, fjerner polyp eller utfører blokking av trange parti. I slike høve kan det verte nødvendig å observere deg i 1-2 timar etter undersøkinga.

## KVA SKAL EG PASSE PÅ ?

Dersom du får magesmerter som aukar på, eller teikn på blødningar, må du straks ta kontakt med sjukehuset. Blødning oppdagar du ved å sjå bekfarga, svart avføring.

Tlf. før kl 15:30 : 70 10 58 40 gastrolab

Tlf. etter kl 15:30 : 70 10 50 00 sentralbord.

## RESULTATET AV UNDERSØKINGA:


Resultatet av undersøkinga og forslag til vidare utgreiing eller behandling får du oftast vite med det same. Legen som undersøkjer deg, sender brev til tilvisande lege, og forklarar resultatet av undersøkinga.

Dersom du er innlagt på sjukehuset, får du oppfølging på den avdelinga du høyrer til. Skriftleg rapport vert sendt til avdelinga rett etter at undersøkinga er ferdig.

**Poliklinikk inngang nord, følg den grønne streken på veggen.**

Gastrolab 4.etg

# Til deg som skal til gastroskopi



**HUGS:  
LES BROSJYRA NØYE!  
FASTE  
STOPP SYREHEMMANDE  
MEDISINAR**

**RING GASTROLAB 70 10 58 40  
VISS DU BRUKER MAREVAN**

## VELKOMEN TIL OSS

Brosjyra er laga for å gje svar på spørsmål du har i samband med undersøkinga.

Med GASTROSKOPI undersøker ein spiserøyret, magesekken og tolvfingertarmen. Utstyret ser ut som ein slange, omtrent like tjukk som ein lillefinger og det inneheld eit kamera.

Føremålet med gastroskopi er å påvise sjukdommar i spiserøyret, magesekken og tolvfingertarmen, som til dømes betennelse eller sår. Vi kan ta vevsprøve (biopsiar) frå slimhinna og utføre behandling.

### 14 DAGAR FØR UNDERSØKINGA:

Slutt med alle medisinar som høyrer til gruppene H2- blokkar t.d. Ranitidin, Pepciduo m.fl. og protonpumpehemmar t.d. Somac, Nexium m.fl. Medisin som til dømes LINK kan du nytte.

Dersom du brukar MAREVAN ring gastrolab minst 1 veke før timen på telefon 70 10 58 40. Vi vil då vite at og kvifor du bruker Marevan. Viss ikkje fastlege har sagt anna, skal du slutte med Marevan 3 dagar før undersøkinga. Undersøkelsesdagen må du møte seinast 1 time før undersøkinga til taking av blodprøven INR.

Du skal ikkje ta Plavix 7 dagar før undersøkinga, viss ikkje anna er avtalt.

### KONTAKT FASTLEGE PÅ FØREHAND

dersom du har kunstig hjarteklaff.

Før ein gastroskopi må magesekken vere tom, difor må ein FASTE i minst 6 timar før undersøkinga. Det inneber at du ikkje skal ete eller drikke før undersøkinga. Du kan skylle munnen.

Dersom du brukar viktige medisinar om morgonen (til dømes hjarte- eller lungemedisin) skal du ta desse saman med vatn slik du elles gjer.

Har du DIABETES, ta ikkje morgonmedisin (insulin eller diabetestablettar) før undersøkinga er gjort. Vi prioriterer at du blir undersøkt tidleg på dag for å unngå unødige svingingar i blodsukkeret. Ta med mat og medisin til sjukehuset slik at du kan ta det 1 time etter undersøkinga.

## GASTROSKOPIUNDERSØKINGA

Du får lokalspray i svelget, det er sjeldant naudsynt med andre medikament. Tannproteser må takast ut. Du får ein plastring mellom tennene, slik at du ikkje bit over utstyret.

Di oppgave vert å puste roleg og slappe av. Undersøkinga tek omlag 5 minutt.

Dersom du på førehand meiner du må ha avslappande medisin, er det fint om du har med følgje. Bilkøyning kan då tidlegast skje etter 8 timar, helst fyrst neste dag.

### KVA SKJER ETTERPÅ?

Du skal FASTE 1 time etter undersøkinga.

Lokalbedøvinga i halsen gjer at du ikkje skal ete og drikke den første timen etter undersøkinga. Dersom du har fått avslappande medisin eller behandling, vil vi at du blir på gastrolab i 1-2 timar.

Etter undersøkinga vil det vere ein del luft igjen i magesekken og nedover i tarmen. Du kan difor kjenne deg litt oppblusen, eller ha litt mageknip.

Ei sår kjensle i halsen dei fyste dagane etter undersøkinga er normalt. Vanlegvis reiser du frå sjukehuset rett etter undersøkinga.